



## Notat

Dato: 31.05.2016  
Arkivsak: 2015/2073-71  
Saksbehandlar: OYDZIEM

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar til fylkestinget vedk. forvaltningsrevisjon av NDLA

Viser til vedtak i sak PS 4/16 i fylkestinget 08.03.2016, «Forvaltningsrevisjon av NDLA – Revisjonsrapport».

Fylkestinget ber i vedtaket fylkesrådmannen i Hordaland, og NDLAs styre, om å følgje opp 15 punkt med tilrådingar. Det 15. punktet lyder: «*Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.6.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga*».

Fylkesrådmannen har 30.05.2016 motteke to dokument frå styret i NDLA med bakgrunn i styrevedtak 19.05.2016:

- statusrapport for lukking av avvik og oppfølging av tilrådingane frå revisjonen
- prioritert plan over gjenståande oppgåver

Dokumenta blir med dette lagt fram for fylkestinget til orientering.